



Høyanger kommune
Postboks 159
6991 HØYANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Tilbakemelding etter kommunemøte med Høyanger kommune 2024

Vi viser til hyggeleg og godt kommunemøte med Høyanger kommune i Høyanger rådhus 5. februar 2024. Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt førebudde innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale tema som var sette på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebilde er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren har eit ansvar for å følgje opp kommunane.

Vi førebur eit kommunebilde før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For kommunen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver- og roller til kommunen:

- tenesteytar og myndighetsutøvar
- styring og forvalting
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Etter møtet med Høyanger har vi overordna samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling.

Kommunen presenterte informasjon om kommunen som samfunn og organisasjon med vekt på utfordringar og moglegheiter for næring, sysselsetjing, folketal, tenester og økonomi. Høyanger skal vere ein samskapingskommune, og Høyanger 3.0 er den tredje versjonen av korleis rollefordelinga mellom kommunen som organisasjon og innbygarane bør vere, og gir grunnlaget for måten kommunen best kan skape trivsel og utvikling.



Tenesteytar og myndigheitsutøvar

Dialogtemaa var knytte til omsorgstenester med heilskapleg berekraftig planlegging og gjennomføring for å møte utviklinga med fleire eldre, relevant og god kompetanse i kommunehelsenesta, sosiale tenester med heilskapleg og koordinert hjelp og førebygging, tverrfagleg og førebyggjande arbeid i barnevernet, relevant og god kompetanse i barnehage og skule og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne.

Kommunen opplever at det er utfordrande å ha tilstrekkeleg kapasitet og rekruttere tilsette med relevant kompetanse innan fleire fagområde, og at dette kan blir endå vanskelegare framover. Særleg gjeld dette innan helse og omsorg, men også for områda barnehage og skule der òg leiarnivået (rektorar) er ei utfordring.

Kommunen har utarbeidd *plan for helse- og omsorg 2021 – 2031* og organisasjonsplan for området er implementert i mars 2023. Leirarar i helse og omsorg gjennomfører eit program for leiarutvikling, og kommunen har ein plan for kompetanseutvikling knytt til oppgåvefordeling. Helse- og omsorgstenestene har eit høgt tal på årsverk samanlikna med innbyggjartalet. Det er politisk einigkeit at det skal vere desentraliserte likeverdige tenester i heile kommunen. Rekruttering av sjukepleiarar er ekstra utfordrande, for dei andre helseutdanningane er rekrutteringa bra. For å rekruttere og behalde personell, gjev kommunen stipend til sjukepleiarar for etterutdanning. Nasjonale karakterkrav innan matematikk og norsk, for dei som ønskjer å ta etterutdanning, kan vere krevjande å oppfylle. Kommunen har høge utgifter til rekruttering og tilsetjing av legar gjennom vikarbyrå, og opplever at det er vanskeleg å få tilsett legar på kommunale vilkår. Det blir arbeidd med andre løysingar, som samarbeid med Helse Førde og gjennom tilbodet til [Studiesenter Kysten](#). For heile tenesteområdet helse- og omsorg er det planlagt/i gang samarbeid med andre kommunar om rekruttering og lønnsnivå. Kommunen meiner dei må vere tydelegare på å tilby behovsbaserte tenester, der eit tiltak er tidleg kontakt med framtidige brukarar om korleis ein kan planlegge og førebu seg på å bli eldre. Særleg gjeld dette å leggje til rette for hensiktmessige buformer og tilby bruk av velferdsteknologi.

For å førebyggje utanforskap arbeider kommunen tverrfagleg gjennom eit godt fungerande system på kartlegging av barn og unge sin situasjon gjennom god dialog med foreldra, eit godt samarbeid med vidaregåande skule, kommunal psykiatri og legetenesta. Som verkemiddel nyttar kommunen handlingsrommet i sosialtenestelova, særskilt i møte med barnefamiliar og flyktning- og integreringstenesta. Høyanger gjev gjennom barnevernet økonomisk støtte til fritidsaktivitetar. Kulturtilbod og mangfold blir òg vareteke gjennom BUA Høyanger (barn-unge- aktivitet med gratis utlån av sport- og friluftsutstyr), ungdomsklubbar og aktivitetssenter.

For grunnskulen er det sentralt å sikre at tilsette har godkjent og relevant kompetanse, men samtidig er dette utfordrande å oppfylle. Godt læringsmiljø og legge til rette for medverknad er prioriterte område i skulen. Skulane i Høyanger har jamt over gode resultat og godt teke hand om i kommunen. Men låge fødselstal over tid medfører at elevtalet er fallande, som er og blir ei stor utfordring som må takast omsyn til i skulebruksplanen.

Barnehagemyndigheita er lagt til kommunedirektøren. Høyanger har barnehagebruksplan og praktiserer kontinuerleg opptak i barnehagane. Det er vanskeleg fullt ut å få tak i kvalifisert personale i barnehagane, det fører til at kommunen har gitt dispensasjonar frå utdanningskravet ved fleire høve. Dette opptek kommunen, og det blir prioritert tiltak for å få tak i kvalifisert personale.



Kommunen gjennomfører eit prosjekt for tenestertilbod til menneske med nedsett funksjonsevne. Dette inneber gjennomgang av organisering av tenestertilboden, mellom anna kartlegging mellom brukar og bustadbehov, bustader og rekruttering av fagpersonar.

Styring og forvaltning

Etter kommunelova er budsjettet bindande for kommunestyret og underordna organ. Det betyr at kommunestyret skal følgje opp lova sine krav om realisme og balanse gjennom budsjettåret.

Høyanger har dei siste åra, gjennom eit høgt driftsnivå, hatt større meirforbruk (budsjettavvik) i drifta. Dette har ført til at kommunen har lite med frie reservar (disposisjonsfond), og saman med eit større tap på kraftsal i 2022 er kommunen registrert i Robek. Kommunen har òg svak likviditet og høg lånegjeld. Samla sett betyr dette at kommunen ikkje klarer å styre etter kommunestyret sine overordna økonomiske styringsmål. Forklaringa på det høge driftsnivået er m.a. grunngjeve med at kommunen prioriterer desentraliserte likeverdige tenester (gir fullt ut tenester der folk bur) i heile kommunen, negativ folketalsutvikling og endringar i alderssamansetjinga som har konsekvensar for økonomien. Kommunestyret har i fleire økonomiplanar budsjettert med større innsparingar, men dette har i liten grad blitt gjennomført. Kommunestyret har vedteke innsparingar i gjeldande økonomiplan frå 2025 (23 mill. kroner). Arbeidet med konkretisering og gjennomføring av innsparingane skal starte tidleg i 2024, der omstillinga m.a. skal legge meir vekt på behovsbaserte tenester. I omstillinga blir det òg prioritert å skape ei felles situasjonsforståing om økonomien mellom politikarar og administrasjon, og sjå til god praksis hjå andre samanliknbare kommunar.

Høyanger har store inntekter frå kraft og havbruk, som blir brukt til drift. Det vil bli lagt fram ei sak for kommunestyret våren 2024 om korleis kommunen nyttar kraftinntektene (kraftstrategi).

Kommunen har i dei seinare åra fått utført sine planlagde investeringar, og det er i framtida mindre behov for større investeringar finansiert med nye låneopptak.

Det er lite fokus på langtidsperspektivet i handlings- og økonomiplan, der år 2 – 4 er mykje likt år ein. Utviklinga for dei neste 10 åra er at det blir høgare utgifter til tenester for eldre, og mindre til dei yngre aldersgruppene. Dette vil òg få konsekvensar for overføringer frå staten, noko som kommunen må ta omsyn til i planlegginga.

Samfunnsutvikling og demokratisk arena

Høyanger har ikkje eigen plan for naturmangfold, men har fokus på dette i arbeidet med arealplanen. Det har vore ordningar å søkje om midlar til støtte for å utarbeida plan for naturmangfold. Siste søknadsfrist var 11. februar, men det kan kome fleire moglegheiter med nye fristar.

På miljøområdet samarbeider kommunen med SIMAS (interkommunalt miljø- og avfallsselskap for kommunar i Sogn) og har andre samarbeidsprosjekt med fleire andre kommunar. Kommunen arbeider med sanering av gamle utslepp, anlegg som skil ut slam frå avløpsvatn og utslepp frå større hyttefelt. Plan for avløp er frå 1995 og vatn frå 2023.

Arbeidet med ny/revidert folkehelseoversikt er no sluttfasen, og blir publisert i april månad og klar til oppstarten med rullering av planstrategien. Folkehelseoversikta er utarbeidd med grunnlag i god tverrfagleg forankring og koordinert med arealdelen. Friskus er eit digitalt verktøy for aktivitetar og frivillige oppdrag – nær deg. Kommunen skal søkje om midlar til frisklivssentral. Ung-data basen, der formålet er å kartlegge kvardagslivet til ungdomen, blir mykje brukt av kommunen, også saman med andre data.



Gjeldande bustadpolitisk handlingsplan bør reviderast/oppdaterast gjennom eit tverrfagleg arbeid med god forankring til kommuneplanen. Aktuelle tiltak er å rehabilitera deler av eksisterande bustadmasse. Kommunen samarbeider og utvekslar erfaringar med Ullensvang kommune, som t.d. om å modernisere eigne bustader ut frå behovet til brukarane.

Kommunal planlegging – heilskapleg prosess og innhald

Statsforvaltaren har sendt kommunane eit forventningsbrev om kommunal planstrategi, der kommunane blir minne om nokre av dei nasjonale måla som kommunen må leggje til grunn for sine vurderingar. Planstrategien skal reviderast kvar kommunestyreperiode, medan det for kommuneplanen (samfunnssdel og arealdel) ikkje er sagt om når tid den skal reviderast. Arealdelen til Høyanger er om lag 10 år, og er no under revisjon. Samfunnssdelen er frå 2021. I den heilskaplege planlegginga skal det leggast vekt på samanhengen mellom kommuneplanen, temaplanar økonomiplan med handlingsdel, styring og gjennomføring i årsbudsjett og rekneskap med årsmelding.

I planlegginga skal det leggast vekt på, og gi berekraft eit innhald med konkretisering for klima, miljø og sosial berekraft. Dette gjeld òg i rapporteringa knytt til berekraftsmål, i tillegg til rapportering på velferd og økonomi.

I Høyanger kommune skal kvar eining presentere sin del av dei 17 berekraftsmåla, der kvar eining prioriterer tre berekraftsmål for planlegging, styring og rapportering.

Oppfølging

Som for mange andre kommunar, har Høyanger oppgåver som utfordrar organisasjonen på tilstrekkeleg kapasitet og rekruttering av relevant kompetanse. Særleg gjeld dette sett i samanheng med demografiske endringar med eit auka behov for helse- og omsorgstenester.

Om kommunen ønsker det, kan Statsforvaltaren følgje opp og bidra med kommunikasjon og rettleiing innan ønskte område. Vi noterte oss spesielt rettleiing i arbeidet med arealdelen av kommuneplanen. I tillegg skal Statsforvaltaren kontrollere og godkjenne budsjett- og økonomiplan 2024 – 2027, og i den samanheng blir det gjort ei nærmare vurdering av økonomien til kommunen.

I tillegg til dei sentrale tema som var til drøfting i møtet, har òg kommunebildet til Høyanger fokusområde etter statlege forventningar og vår kjennskap til kommunen. Desse fokusområda og andre sentrale tema fortel kva vi i eit forvaltnings- og utviklingsperspektiv vil legge særleg vekt på i den vidare dialogen med kommunen.

Kommunebildet til Høyanger kommune vart ikkje i sin heilskap gjennomgått og drøfta i kommunemøtet. Statsforvaltaren legg til grunn at kommunebildet med fokusområde og forslag til sentrale tema, vil bidra til eit grunnlag for vidare interne prosessar for drift og utvikling av kommunen.

[Kommunebildet for Høyanger](#) er lagt ut på vår heimeside.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent